



Vedlegg til saksframlegg- Rullering plan for kompetanseutvikling

# PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING i OPPVEKST- og KULTURSEKTOREN 2007-2014

## *2.1. Bakgrunn og siktemål med plan for kompetanseutvikling.*

Plan for kompetanseutvikling er utarbeidd med basis i Utviklingsplan 2007-2014 og Verksemdsplan 2009. Saman representerer desse plandelane ein heilskap som har som intensjon å medverke til kvalitetsutvikling i Oppvekst- og kultursektoren i Ørsta.

---

**Plandelen for kompetanseutvikling har eit tosidig siktemål. Han skal vere:**

---

- ◆ Ein overordna tids- og ressursplan for kurs – og utviklingsarbeid og andre kompetanseutviklingstiltak.
  - ◆ Ein styringsreiskap for arbeidsgjevar og for arbeidsgjevar sine representantar ute på arbeidsplassane.
- 

Plan for kompetanseutvikling følgjer same struktur som Utviklingsplanen og Verksemdsplanen for sektoren, og omtalar verksemdsområda i same rekkefølge. Planen har ein utviklings- og strategidel for kvart verksemdsområde, og ein tilhøyrande tiltaksdel for inneverande budsjettår.

---

## **2.2. SKULE**

---

### **2.2.1. MÅLSETJINGAR OG STRATEGIAR**

---

#### Kompetanse-omgrepet

I strategivedlegget til Rundskriv F-87-99 frå UFD er det sagt dette om kompetanse-omgrepet:

Å utvikle kompetanse vil m.a. innebere å:

- drøfte og vurdere konsekvensane av læreplanverket på eigen arbeidsplass
- å delta i utviklingsarbeid
- å delta i rettleiing (t.d. kollegarettleiing) i tilknytning til eigen praksis
- å utvikle kunnskapar og arbeidsformer i samarbeid med kollegaer
- å delta i kurs, nettverk og anna

I UFD sin "Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa 2005-2008" er kompetanse innleiingsvis definert slik: *Kompetanse kan definerast som evne til å møte komplekse krav, situasjonar og utfordringar.*

#### ***Nasjonale strategiar***

I Stortingsmelding nr.31 (2007-2008) "Kvalitet i skolen" vert det lagt grunnlag for ei ny statleg satsing på kompetanseutvikling etter at "Kompetanse for utvikling" er avslutta. UFD, KS, Utdanningsforbundet, Norsk lektorlag, Skolenes Landsforbund, Nasjonalt råd for lærerutdanningen og Norsk Skolelederforbund har som fylgje av dette saman utarbeidd strategidokumentet "Kompetanse for kvalitet". Dette strategidokumentet gir uttrykk for rammene for samarbeidet om eit varig system for vidareutdanning.

#### Lokale målsetjingar

Ein har følgjande generelle føringar for kompetanseutviklinga for grunnskulen i Ørsta:

- Kompetanseutvikling er innretta mot realisering av nasjonale og lokale målsetjingar.
- Økonomiske og andre ressursar prioritert i samsvar med dette. (Det vil som fylgje av føringar knytt til "Kompetanse for kvalitet" verte vurdert ei sterkare kommunal styring enn tidlegare.)

---

### **2.2.2. PRIORITERTE OMRÅDE**

---

#### **Nasjonalt prioriterte område**

I det førnemnde strategidokumentet "Kompetanse for kvalitet" og St. melding nr. 31 (2007-2008) er særleg følgjande område vektlagde:

- Profesjonsretta vidareutdanning -vidareutdanning for det pedagogiske personalet i grunnsopplæringa

Det vert prioritert eit system for vidareutdanning som vil gi deltakarane vidareutdanning på høgskule- og universitetsnivå, med eit omfang på inntil 60 studiepoeng, i det einsskilte fag

eller område. Det er skissert at staten finansierer ein del (40%), kommunen ein del (40%) og den tilsette sjølv ein del (20%). Føremålet med vidareutdanninga er å betre kvaliteten på opplæringa for elevane. Ved å la vidareutdanninga gå inn som ein definert del av læraren si stilling med tilsvarende reduksjon i læraren sine ordinære oppgåve, skal skulen auke si bemanning i den perioden som ein lærar deltek i vidareutdanninga.

Fylgjande område er i perioden 2009-2012 prioritert:

Ungdomssteget:

- Norsk/samisk
- Matematikk
- Engelsk

Barnesteget:

- Leseopplæring

I tillegg vert det foreslått at nokon av midlane vert sett av til andre fag ut i frå lokale og nasjonale behov for vidareutdanning. Naturfaga fysikk og kjemi, yrkesfaglege programfag, praktisk- estetiske fag og rådgjeving skil seg ut som aktuelle område.

- Kompetanseutvikling for leiinga av den enkelte skulen

Tiltak for skuleleiarar ved å opprette skuleleiarutdanning ( minst 30 studiepoeng) for nytilsette rektorar og andre rektorar som manglar slik utdanning

#### Regionalt prioriterte område (Sjustjerne-kommunane)

- Nettverkskoordinator
- Eksternt system for skulevurdering
- Naturfag
- Engelsk
- Leiaropplæring
- Entreprenørskap
- Hospitering. Kompetansekatalog
- Vurdering

#### Lokalt prioriterte område

Dei nasjonale og regionale prioriteringane og føringane vil i stor grad påverke dei kompetanseutviklingstiltaka som vert sette i verk i Ørsta. Sjølv om regidokumentet ” Kultur for kvalitet” har hovudfokuset lagt på vidareutdanning i regi av høyskule/universitet med vekt på nasjonalt prioriterte område, er det også peika på at lokal forankring må til for å sikre heilskapen i kompetanseutviklinga. Der står m.a. ” *Forskning viser at endring som skal fremme kvalitetsbetring, må bygge på lokalt opplevde utfordringer. Lokale tiltak og prioriteringer må derfor ta utgangspunkt i opplevde behov for vidareutdanning hos skoleeier, skolene og lærerene.*”

- Etterutdanning – lokale behov

Gjennom kompetansekartlegging ved den einskilde skule vil ein, innan gjeldande budsjettramme og så langt som råd, legge til rette for at lærarar kan ta del i etterutdanning som stettar behova ved den einskilde skule.

Det vil grunna omlegging av tildelinga av kompetansemidlane frå statleg hald, i større grad kunne verte naudsynt å foreta kompetanseheving ved den einstilte skule gjennom rekruttering, samt ei sterkare styring frå kommunalt hald av kompetansen innan kommunen.

Ørsta kommune har i tillegg til nasjonale føringar sine egne prioriteringar for Verksemdsområde – Skule slik dei går fram av Utviklingsplan for oppvekst- og kultursektoren i Ørsta 2007 – 2014. Der står m.a. desse utviklingstiltaka:

- Sikre etter- og vidareutdanning for utvikling av innhaldskvalitet i skulen
  - Kvalitetssikre arbeid med lokale læreplanar
  - Stimulere utviklingstiltak innretta mot Kunnskapsløftet
  - Stimulere nettverksarbeid kommunalt og regionalt
  - Vidareutvikle lærarane sin IKT-kompetanse
  - Vidareutvikle eit inkluderande og stimulerande arbeidsmiljø for dei tilsette
- Desse utviklingstiltaka vert konkretiserte i Verksemdsplanen for 2009
- 

### 2.2.3. TILTAK i 2009

---

I dette kapitlet vil ein skissere aktuelle tiltak i høve til nasjonale/regionale/lokale målsetjingar innanfor dei prioriterte områda. Tiltaka er retta både mot etterutdanning og mot vidareutdanning, og desse omgrepa er definerte slik i strategidokumentet "Kompetanse for utvikling":

- **Vidareutdanning** er utdanning/opplæring som gir formell kompetanse (studiepoeng).
- **Etterutdanning** er mellom anna kurs, seminar, deltaking i lokalt utviklingsarbeid og fagleg rettleiing knytt til eins eigen praksis som har opplæring som viktigaste formål.

Tiltaka nedanfor er anten:

- Regionale = Sjustjerna (= Dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre)
- Interkommunale = Saman med Volda
- Kommunale

#### **Kompetanseutvikling for leiinga av den einstilte skulen**

Ein vil dels gjennom regionalt samarbeid, dels i eigen kommunal regi gje ei leiarskulering som dekkjer m.a. følgjande leiaroppgåver:

- Juridiske og forvaltningsmessige oppgåver
- Pedagogiske oppgåver -> Utvikle skulen mot ein meir lærande organisasjon, m.a.o. skuleutvikling
- Personaloppgåver med vekt på eit inkluderande arbeidsmiljø (IA)
- Økonomiske oppgåver

Ein vil gjennomføre dette ved m.a. følgjande organisering:

- Regionale hovudsamlingar med pedagogiske, juridiske og forvaltningsmessige tema, m.fl.
- Interkommunale nettverk i tilknytning til hovudsamlingane

- Kommunal, gjerne tverrfagleg skulering, t.d. økonomiseminar, kurs i samarbeid med NAV- arbeidslivssenter og HMS Consult.
- Nettbaserte tilbod kan og bli aktuelt.

## **Reformrelatert kompetanseutvikling for det pedagogiske personalet i grunnsopplæringa – Utvikling av kultur for læring i den enkelte skule/ profesjonsretta vidareutdanning**

Ørsta kommune vil satse på m.a.:

- Sluttføring av etter- og vidareutdanning i naturfagsatsinga, oppstart av tilsvarande satsing i engelsk
- Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid relatert til elevvurdering.
- Samarbeid med Høgskulen i Volda/ ev. Ålesund og med dei andre kommunane i Sjustjerna
- Kurstilbod forma som fagdidaktiske kursrekker (t.d. 3-5 dagar) i løpet av eit skuleår

Eventuell kommunal satsing vil skje m.a. som:

- Regionalt og/eller interkommunalt samarbeid om kurs
- Samarbeid med Høgskulen i Volda eller andre høgskular/kompetansemiljø

### Matematikk, naturfag (fysikk/kjemi), engelsk, norsk

Desse faga er også spesifikt nemnde i strategidokumentet ”Kompetanse for kvalitet”. Ørsta vil primært prioritere utdanningsstønad til tilsette som vil ta vidareutdanning i engelsk.

### Karriererettleiing, Entreprenørskap og Utdanningsval.

Utdanningsval er obligatorisk på ungdomssteget frå og med skuleåret 2008/09. Ørsta kommune vil i tråd med tidlegare praksis nytte kompetanseutviklingstilbod frå fylkesmannen på desse områda. *Karriererettleiingsprosjektet* og entreprenørskapssatsinga *hoppid.no* slik det blir kanalisert gjennom 7-stjerna, vil vere viktig drahjelp på desse områda.

### Skulen som ein meir lærande organisasjon

Gjennom endring av opplæringslova m.fl. har kommunane og skulane fått større høve enn før til å organisere opplæringa slik at ho kan verte betre tilpassa lokale føresetnader og behov, men framleis er det eit stort potensiale for å få til ei enno betre tilpassa opplæring. Evaluering av staten si satsing på kvalitetsutvikling 2000-2003 tyder på at skular med samarbeidsbaserte arbeidsformer og med systematisk evaluering av eigen praksis i større grad enn andre evnar å gje elevane tilpassa opplæring. Gjennom lokal arbeidstidsavtale, vil Oppvekst- og kultursjefen legge til rette rammvilkår for erfaringslæring i personalgruppene. Det er lagt sterke føringar for at skulane organiserer grupper av lærarar som får avsett tid til erfaringslæring gjennom ”den pedagogiske samtalen”. Dette vert sett som eit viktig tiltak for utvikling av skulen i retning av ein lærande organisasjon

### Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid relatert til elevvurdering.

Stortingsmelding 16. (2006-2007) peiker på manglande vurderingskompetanse både i skulen og lærarutdanninga. Det er difor trong for auke lærarane sin kompetanse på dette området.

I samarbeid med Høgskulen i Volda er det for perioden 01.07.08-30.06.09 inngått avtale om kompetanseutvikling og utviklingsarbeid relatert til elevvurdering over to semester. Utgangspunktet for arbeidet er den einskilde skule sin praktiske ståstad og målgruppa for prosjektet er pedagogisk tilsette i Ørsta skulane. Deltakarane tek del på samlingar i regi av HVO og vert også organisert i nettverk. Prosjektet skal medverke til å styrke det faglege samarbeidet mellom skular, skuletilsette i Ørsta og fagtilsette ved HVO knytt til lærarutdanningane.

Ein vil i Ørsta organisere tiltaka både regionalt og/eller interkommunalt, i tillegg til at noko vert gjort i eigen kommunal regi. Det er naturleg å sjå følgjande område i samanheng:

- Skulen som ein meir lærande organisasjon
- Vidareutvikling av tilpassa opplæring
- System for skulebasert vurdering (sjå også lenger bak i denne planen)
- Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid relatert til elevvurdering.

### **Kommunale prioriterte område**

Desse er m.a. nedfelte i utviklingsplanen for 2007-2014 og i verksemdsplanen for 2009, t.d.:

- Kvalitetssikre og koordinere arbeid med lokale læreplanar
- Stimulere utviklingstiltak innretta mot Kunnskapsløftet
- Sikre etter- og vidareutdanning for utvikling av innhaldskvalitet i skulen
- Stimulere nettverksarbeid kommunalt og regionalt
- Vidareutvikle lærarane sin IKT-kompetanse
- Utvida samarbeid om kompetanseheving, undervisning og organisering mellom vaksenopplæringa i Ørsta og Volda
- Prioritet til utdanningsstønad for fast tilsette lærarar som gjennomfører vidareutdanning i samsvar med kommunen sin kompetanseutviklingsplan
- Kompetanseoppbygging IKT i samarbeid med AV-sentralen/ Norsk Nettskole
- Eit inkluderande og stimulerande arbeidsmiljø for dei tilsette ( IA)

### **Regionalt prioriterte område**

Sjustjerna (Regionsnettverket for Søre Sunnmøre) har fått ein del midlar som kan nyttast til kompetanseutviklingstiltak. I 2009 ser det ut til desse områda vert høgast prioriterte:

#### Nettverkskoordinator

Det er tilsett nettverkskoordinator (Stine Vibeke Bratteberg), denne funksjonen har hatt stor og positiv innverknad på kompetanseutviklingsarbeidet i regionen. Det er difor ønskjeleg at dette engasjementet vert prioritert av kommunane også i komande år.

#### Slutføring av "Naturfag med mål og mening"

Ei målretta satsing over fem semester på kompetanseheving i naturfag for grunnskular på Sunnmøre. Tilbodet dekkjer både etter- og vidareutdanning.

#### Vidareføring av Matematikk nettverka frå "Matematikkløftet"

Etter at prosjektet "Matematikkloftet" vart avslutta har ein arbeidd i organiserte nettverk med å vidareutvikle matematikkopplæringa. Ein vil forsøke å halde fram med dette arbeidet også i komande år.

#### Ekstern system for skulevurdering

Etter semje i regionsamarbeidet Sjustjerna vart prosjektet med oppretting av eksternvurderargruppe sett i verk i 2006. I løpet av 2007 og 2008 er i alt 31 skular i dei sju kommunane vurderte. Føremålet er at dei eksterne vurderarane skal vere til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- \* sikre kvalitetsutvikling ved skulane
- \* erkjening av at skulane treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- \* ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- \* oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderar si eiga verksemd.

Planen er at ein i løpet av ein 4- årig syklus skal ha vurdert alle skulane i Sjustjerna, og ein tek sikte på å vurdere om lag 12 skular kvart kalenderår.

Eksternvurdering er kostnadskrevjande, og vidareføring må vurderast opp mot stopp i statlege kompetansemidlar i 2009.

#### Vurdering

Frå 01.10.97 vart føresegnene for grunnskulen endra, og det kom m.a. med eit nytt punkt om det kommunale ansvaret for å sjå til at skulane vurderte arbeidet sitt:

##### **§ 9-9 Skolebasert vurdering**

*Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei einskilde læreplanane for fag. Kommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.*

Dette vart (med tilpassing også til lærebedrifter og fylkeskommunen) vidareført i føresegnene (§ 2-1 Skole- og lærebedriftsbasert vurdering) i den nye opplæringslova som avløyste grunnskulelova 01.08.99. Nokre skular har kome bra i veg på dette området. Ein kritisk, kollektiv refleksjon over eiga verksemd vil vere ein nyttig arbeidsmåte for å skape ein endå betre arbeidsplass, for elevar og tilsette.

Vurdering i ulike former skal framleis vere eit satsingsområde i grunnskulen i Ørsta. Oppvekst- og kultursjefen vil i 2009 fornye vurderingssamtalane med skulane. Eitt fokusområde vil vere tilgjengeleg datamateriale om status/resultat. I Utviklingsplanen for sektoren er det gjeve prioritet til pedagogisk leiing, og ein vil gjennom ulike tiltak setje fokus på dette området. Skulane vert årleg pålagde å utarbeide ei enkel årsmelding, knytt opp mot verksemdsplanen og skulen sin eigen utviklingsplan/verksemdsplan. Vurdering vil vere ein sentral del i ei slik årsmelding.

#### Skulebasert kompetanseutvikling

I forhold til tidlegare nasjonale målsetjingane burde kompetanseutviklingsarbeidet så langt som råd vere skulebasert. I denne samanhengen er rektor ein nøkkelperson. Ho eller han vil til ei kvar tid ha det beste oversynet over behovet den einskilde skulen har på dette området. Ørsta kommune har kvart år delt ut midlar til kompetanseutvikling til skulane sitt eige bruk. Det er skuleleiinga sitt ansvar å nytte desse midlane medvite og målretta. Dette skjer best ved at rektor, i samarbeid med t.d. plangruppe og tillitsvald, ut i frå sektoren sine planar og egne behov lagar ein plan for eigen skule. (Det kan kome til å verte ei sterkare kommunal styring av desse midlane.)

Kvalitetssikring gjennom vurdering, oppfølging og etterarbeid er viktig på dette området. Aktuelle tiltak innan skulebasert kompetanseutvikling er til dømes desse:

- Skulebasert vurdering av eitt eller to kommunalt prioriterte område
- Vurderingssamtalar mellom den einskilde skule og oppvekst- og kultursjefen

#### Samarbeid med Høgskulen i Volda

Ørsta kommune har, saman med andre kommunar, særleg sidan 1997 hatt eit samarbeid med Høgskulen i Volda om fagleg kompetanseheving. Målsetjinga er at samarbeidet med HVO skal halde fram. Det er positivt å kunne nytte nærleiken til høgskulen, og også høgskulen sin fagkompetanse i kommunen si kompetanseheving av det pedagogiske personalet.

#### Forsøk

*”Forsøk i skolen skil seg frå vanleg utviklingsarbeid ved at skolen/kommunen søker avvik frå lova og forskriftene i samband med tidsavgrensa pedagogiske og organisatoriske forsøk. I omgrepet forsøk ligg det eit føremål å finne ut kva ein sjølv og andre kan lære ved å prøve ut alternative ordningar på det aktuelle området”. (Frå ”Fylkesplan for Kvalitetsutvikling i grunnskolen i Møre og Romsdal”).*

Ørsta kommune vil vurdere evt. forsøk og utviklingstiltak som skulane tek initiativ til, og søke avvik frå lov og forskrifter om det måtte vere behov for det.

---

## 2.2.4. RESSURSAR

---

Sektoren / skulane har desse økonomiske ressursane til rådvelde:

- Budsjettet for 2009 der kompetanseutviklings-/kursmidlar er dels lagde til fellesområdet ansvar 3200 og dels lagde under den einskilde skulen sitt ansvar i KOSTRA.
- Eksterne tilskot frå departement/fylke til kommunen
- Eksterne tilskot frå departement/fylke til Sjustjerna

#### Budsjettet

F.o.m. 1999 har kursutgifter på barnesteget og ungdomsteget til no vore lagt ut i budsjetta til dei einskilde skulane og Ørsta opplæringscenter ut frå talet på årsverk. Hovudgrunnen var at det vart så sterkt lagt vekt på skulebasert kompetanseutvikling, så måtte skulane også få større råderett over dei økonomiske ressursane. På grunn av varsla endring i tilskotssystemet vil det kunne verte endringar i denne praksisen.

## Kommunal kompetanseheving

Oppvekst- og kultursjefen vil også komande skuleår initiere felles kompetanseheving for sine tilsette. Omfanget vil vere noko avhengig av økonomi og rammene i lokal arbeidstidsplan, men ein ser eit behov for å auke omfanget utover dei 2 –dagane som tidlegare har vore nytta. Når det vert satsa på fellesopplegg innretta mot kompetanseheving som er relaterte til nasjonale satsingsområde og/eller utviklingsplanen og verksemdsplanen for sektoren, vil det bli venta at alle skulane prioriterer deltaking i desse opplegga. Som Inkluderande Arbeidslivsbedrift vil også noko skulering i samband med dette kunne verte lagt til desse dagane.

Etter som omgrepet ”skulebasert kompetanseutvikling” dei siste åra har vore sterkt vektlagt frå oppvekst- og kultursjefen si side, vil det vere naturleg at det vert sett av rimeleg tid til dette. Gjennom lokal arbeidstidsavtale, er det lagt til rette rammevilkår for erfaringslæring i personalgruppene. Det vert lagt relativt sterke føringar for at skulane organiserer grupper av lærarar som får avsett tid til erfaringslæring gjennom ”den pedagogiske samtalen”. Dette vert sett som eit viktig og prioritert tiltak for kompetanseheving relatert til Kunnskapsløftet..

Det vil i tillegg bli lagt til rette for at redusert undervisningstid for seniorar i sentral avtale, mellom anna vert nytta til rettleiing/ mentor oppgåver ovanfor t.d. nytilsette lærarar, dersom den tilsette ikkje vel redusert arbeidstid jf. Lokal seniorpolitiskplan for Ørsta kommune.

## Kommunale plandokument

Ørsta kommune sin Plan for kvalitetsutvikling 2007-2014 spenner i røynda vidare enn dei krav departementet har sett, og femner i tillegg til grunnskular også om vaksenopplæring, barnehagar, kultur, og barneverntenesta. Gjennom utviklingsdel-, kompetanseutviklingsdel og verksemdsdel for det einskilde budsjettåret, vert det både lagt eit utviklingsperspektiv og eit realiseringsperspektiv i planlegginga. Gjennom måloperasjonalisering freistar planen å prioritere fokusområde, samstundes som han freistar å legge eit heilskapsperspektiv på sektoren si drift.

Ørsta kommune viser elles til sitt overordna plandokument ”Kvalitetsutviklingsplan for Oppvekst- og kultursektoren i Ørsta” som inneheld følgjande delplanar: ”Utviklingsplan for Oppvekst- og kultursektoren 2007-2014”, ”Plan for kompetanseutvikling 2009” og ”Verksemds-plan 2009”.

## **2.3 KULTUR**

### **2.3.1. MÅLSETJINGAR**

**Utviklingsmål for verksemdsområde kultur:**

- Kommunen, - ein aktiv tilretteleggjar for friviljug kulturarbeid og eigenaktivitet
- Allsidige kulturtilbod og møtestader som fremjar aktivitet, trivsel og lokal identitet
- Born og unge med evne og vilje til å ta ansvar for egne tilbod
- Ein kulturskule med tilbod innan musikk, kunst/forming og teater/drama
- Kulturvern/museumstilbod som fremjar lokal identitet og sikrar kulturarven vår.

Kompetanseutvikling skal medverke til at dei tilsette held seg oppdaterte innanfor sine fagfelt, og vidareutviklar og styrkar kompetansen sin, slik at dei kan arbeide mot dei utviklingsmåla som er sette for kulturområdet. Kompetanseutviklinga skal vidare syte for at kvar medarbeidar skal bli best mogleg skikka til å utføre det arbeidet ho eller han er sett til å gjere.

### **2.3.2. PRIORITERTE OMRÅDE**

- ◆ Tverrfaglege samarbeid og resursutnytting kultur-skule-barnehage-barnevern.
- ◆ Tilrettelegging for eigenaktivitet og friviljug kulturarbeid
- ◆ Lokale møtestader som fremjar eigenaktivitet, oppleving og kulturproduksjon
- ◆ Stimulere lokal identitet og trivsel

### **2.3.3. TILTAK**

#### **Generelt**

Mykje av den tilrettelagde kompetanseutviklinga innan kulturområdet skjer ved deltaking i møte/kurs/konferansar, og femner mange ulike fagområde. Tilboda er langt større enn det tid og andre ressursar gir høve til.

#### **Kulturleiarforum**

Søre Sunnmøre kulturleiarforum (SSKF) møtest 3-4 gongar i året vekselvis i Vanylven-Sande-Herøy-Ulstein-Hareid-Volda-Ørsta.

#### **Aktuelle kurs**

Kulturskulen har ordning der lærarane får delta i kursdagar/kortkurs i samsvar med dei arbeidsvilkåra som gjeld, jfr. planleggingsdagar e.l. i grunnskulen. Elles deltek også andre tilsette innanfor verksemdsområdet på aktuelle kurs/konferansar så langt tid og andre ressursar gir høve til det.

#### **IKT**

Det er kontinuerleg behov for auka IKT-kompetanse på fleire felt. M.a. har både Kulturskulen og Ørsta folkebibliotek behov for ressursar til naudsynt utstyr ( programvare m.m.) og opplæringsbehov ved oppdatering eller skifte.

#### **Nynorskopplæring**

Også for tilsette på kulturområdet bør det gjevast tilbod om nynorskopplæring for offentleg tilsette, jfr. tilbod frå LNK og kommunen sin målbruksplan.

#### **Opplæring innanfor HMT-tiltak m.m.**

Leiarane bør skulerast i høve krava i ny AML. For vaktmeistertenestene trengst det oppdatering i høve til nyare utstyr, symjebassengdrift, ENØK, HMT-tiltak m.m. Særskild kompetanse kan raskt gi inntening ved meir effektiv bruk av t.d. energisparande hjelpemiddel og ved vedlikehald av inventar og utstyr.

### 2.3.4. RESSURSAR

#### Økonomiske ressursar

Kursmidlar (gjeld også konferansar e.l.) kan vere tilgjengelege på følgjande postar:

11500.3140.3830 kursmidlar, kulturskulen

11500.3010.1200 kursmidlar, oppvekst og kultur

11500.3110.3700 kursmidlar, biblioteket

11500.3120.3850 kursmidlar, kulturhuset

11500.3130.3730 kursmidlar, kinoen

11500.3180.2310 kursmidlar, ungdomstiltak

11500.3181.2310 kursmidlar, Kaihuset

I tillegg kjem mindre postar for reise/opphald, som også skal dekkje andre tenestereiser.

#### Tidsressursar

Ein vil prioritere tid til opplæring/kompetanseutvikling innanfor årsverka til dei tilsette.

### 2.4.5. PRIORITERTE OMRÅDE OG TILTAK 2009

#### Kommunen, - ein aktiv tilretteleggjar for friviljug kulturarbeid og eigenaktivitet.

**Delmål:** Eit aktivt friviljug kulturarbeid.

**Tiltak:** Kulturleiarforum

**Målgruppe:** Kulturarbeidarar

Tiltak	Tema	Tid	Ansvar
Kollegamøte	Erfaringsutveksling/ kulturfagleg utvikling	3-4 gonger i året	På omgang mellom kommunane
Einingsleiarar og Jostein kan elles delta i andre relevante kurs og tiltak innan tildelt adm. ramme .			

#### Allsidige kulturtilbod og møtestader som fremjar aktivitet, trivsel og lokal identitet.

**Delmål:** Lokale møtestader som fremjar generasjonsblanding

**Tiltak:** Relevante kurs og samlingar

Bjørn deltek på filmtreff fleire gongar i året; også i filmfestivalen i Haugesund. Det same gjeld for arrangørtreff

med Riksteatret, Teatret Vårt m.fl. Andre tilsette ved Ørsta kulturhus og Ørsta kino kan gjennom besøk til/frå andre kulturhus og kinoar få oppdatering, informasjon og læring. Teknisk opplæring av tilsette og god tilrettelegging for brukarane av huset er viktig for vidareutvikling, opplevingar og tenestetilbod. Kurs i marknadsføring og informasjonsarbeid er aktuelt for fleire tilsette.

Birgit og/eller barnebibliotekaren deltek på regionale kurs i regi av fylkesbiblioteket.

### ***Born og unge med evne og vilje til å ta ansvar for egne tilbod***

**Delmål:** Kaihuset som allaktivitetshus og førebyggjande ungdomstiltak

**Tiltak:** Kurs i ungdomsarbeid m.m.

<b>Målgruppe:</b> Tilsette ved Kaihuset			
<b>Tiltak</b>	<b>Tema</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>
Konferansar og kurs	Ungdomsarbeid m.m.	Jfr. innbydingar	Kursarrangør m.fl.

### ***Ein kulturskule med tilbod innan musikk, kunst/forming og teater/drama***

**Delmål:** Eit tilbod tilpassa behovet innan musikk, kunst/forming og teater/drama

Kompetanseutviklinga skal medverke til at dei tilsette i kulturskulen skal kunne stette dei behova som finst innan dette området, gjerne i samarbeid med grunnskulen.

**Tiltak:** Relevante/fagspesifikke kurs

<b>Målgruppe:</b> Tilsette i kulturskulen			
<b>Tiltak</b>	<b>Tema</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>
Kurs	Aktuelle tema	Jfr. innbydingar og kursprogram	Kursarrangør m.fl.
”Fagdagar”	Ulike instrumentgrupper og fagområde	Vårsemesteret	Norsk kulturskuleråd Møre og Romsdal
Individuell oppfølging	Instrumental/fagleg utvikling	Etter behov/ressursar	Rektor kulturskulen

Tiltak: gjennomføre brukarundersøking for kulturskulane

Målgruppe: Kulturskulerektorane på Søre Sunnmøre

Tiltak: Ekskursjon våren 2009. Deltaking på Norsk kulturskuleråds kursdagar i august 2009

Målgruppe: Kulturskulelærarane

## **2.4. BARNEHAGE**

### **2.4.1. MÅLSETJINGAR**

#### **Kompetanseomgrepet:**

I UFD sitt rundskriv "Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008" er kompetanse definert slik: *Kompetanse kan definerast som evne til å møte komplekse krav, situasjoner og utfordringer.*

#### **Nasjonale strategiar**

**I strategivedlegget "Kompetanse i barnehagen" utgitt av kunnskapsdepartementet 2007, står det mellom anna:** *De ansattes kompetanse er helt sentral for å styrke både barnehagen som pedagogisk institusjon og de ansattes yrkesstatus. Strategien skal også stimulere til kompetanseutvikling for kommunen som barnehagemyndighet.*

**I Rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver, 2006, står det:** *som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen være i endring og utvikling. Barnehagen skal være en lærende organisasjon slik at den er rustet til å møte nye krav og utfordringer. Kvalitetsutvikling i barnehagen innebærer en stadig utvikling av personalets kompetanse. ( s. 16, kap.1.7 Barnehagen som pedagogisk virksomhet).*

#### **Regionale målsetjingar**

Implementering av ny rammeplan – i tråd med nasjonalt prioriterte områder  
Kompetanseheving gjennom kurs og regionale nettverksmøte for styrarane.

#### **Lokale målsetjingar**

Målretta kompetanseutviklingsarbeid retta mot å realisere nasjonale, regionale og lokale målsetjingar.

Nytte økonomiske og andre ressursar til prioritert arbeid i samsvar med dette.

Den enkelte barnehage sitt særpreg.

Målet er at kvar kommunal og privat barnehage i Ørsta skal kunne marknadsføre og fremje seg sjølv ved å synleggjere sitt særpreg gjennom eige og felles fagleg satsingsområde.

### **2.4.2. PRIORITERTE OMRÅDE**

#### **Nasjonalt prioriterte område:**

Implementering av ny rammeplan.

I strategidokumentet "Kompetanse i barnehagen" er særleg følgjande område innafør strategien vektlagt:

##### **1. Pedagogisk leiing**

Prioritet: auke styrarane sin kompetanse innafør pedagogisk leiing.

##### **2. Barns medverknad**

Prioritet: det enkelte barn sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med alder og modning.

### **3. Språkmiljø og språkstimulering**

Prioritet: rikt og variert språkmiljø i barnehagen, og positive opplevingar knytt til å uttrykke tankar og kjensler. Fleirspråklege barn/minoritetspråklege.

### **4. Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule**

Prioritet: Plan for overgang frå barnehage til første klasse.

Likeverdig samarbeid der både barnehage og skule beheld sin eigenart.

#### **Regionalt prioriterte område (kommunane på Søre sunnmøre)**

Regionalt nettverksarbeid. Ørsta kommune som barnehageeigar har godt samarbeid med kommunane Vanylven, Volda, Hareid, Ulstein, Herøy og Sande. Saman dannar desse kommunane eit barnehagenettverk. Spesielt når det gjeld kompetanseutvikling kan vi få til mykje når vi går saman om å nytte kompetanseutviklingsmidlane.

Implementering av ny rammeplan. Barnehagenettverket samarbeider med HVO om eit utviklingsprosjekt for alle barnehagane og alle tilsette i barnehagane på Søre Sunnmøre. Dette er del av "Barnehageløftet" som sentral satsing på kompetanseutvikling i barnehagane.

#### **Lokalt prioriterte område**

Dei nasjonale og regionale prioriteringane og føringane vil også påverke dei kompetanseutviklingstiltaka som vert sette i verk i Ørsta.

- Implementering av ny rammeplan og dei prioriterte områda:
  - Pedagogisk leiing
  - Barn si medverknad
  - Språkmiljø og språkstimulering
  - Samarbeid og samanheng barnehage - skule
- Kommunalt nettverksarbeid
- Kvalitetsutviklingsarbeid, plan, system og dokumentasjon og vurderingsarbeid.

I tillegg har Ørsta sine egne satsingsområde, som vil bli konkretisert i det vidare arbeidet. Desse områda vil kvar barnehage legge til rette for sjølv gjennom sine kurs, plandagar og utviklingsmøte for tilsette, eller dei vil bli prioriterte på styrarmøta og nettverksmøta.

- Leiarutvikling / leiing av kvinnekultur
- Etter – og vidareutdanning for assistentar og førskulelærarar
- Samarbeid barnehage skule med hovudfokus på minoritetspråklege barn i kommunen.

### **2.4.3. TILTAK**

I dette kapitelet vil ein skissere aktuelle tiltak i høve til nasjonale/regionale/lokale målsetjingar innafor dei prioriterte områda. Tiltaka er retta mot etterutdanning og vidareutdanning. ( sjå tiltak skule 2.2.3. s.21 )

Tiltaka er anten:

Sentrale – styrt frå fylket

Regionale = dei sju kommunane på Søre Sunnmøre )

Interkommunale = saman med Volda kommune

Lokale = i Ørsta kommune

### **Sentrale føringar**

Kunnskapsdepartementet har lagt fram ein strategi for kompetanseutvikling for barnehagesektoren for perioden 2007-2010.

Barnehagen har fem studiedagar/plandagar i løpet av eit år, der alle tilsette skal delta.

### **Regionale kurs**

Ein plandag i året vert arrangert i regi av sjustjerna for alle barnehagetilsette i dei sju kommunane. Her vert det gitt tilbod om kurs innafør nasjonale og regionale prioriterte områder.

Barnehagenettverket samarbeider med HVO om eit utviklingsprosjekt for alle barnehagane og alle tilsette i barnehagane på Søre Sunmøre. Dette er del av "Barnehageløftet" som sentral satsing på kompetanseutvikling i barnehagane. Utviklingsarbeidet inneheld 4 ulike tema med fokus på vaksenrolla og barns medverknad i barnehagen: IKT, språk og språkutvikling, lærerik leik og mat og rørsle. Kvar barnehage i regionen har valt eit av desse tema som dei skal gå i djupna på.

### **Interkommunale**

Ein plandag er felles og vert planlagd og gjennomført av oppvekst- og kulturkontoret i Ørsta eller i samarbeid med Volda kommune. Her vert det gitt tilbod om kurs innafør lokale prioriteringar.

### **Kommunale**

Barnehagane har tre studiedagar/planleggingsdagar til lokalt utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass i året. Kommunen arrangerer kvart år kurs som fell utanom dei faste studiedagane. Dette kan vere heile dagar eller på kveldstid.

### **Nettverk/erfaringslæring**

Det er oppretta nettverk for barnehagar med barn med minoritetsbakgrunn, nettverk for tilsette på tiltak for born med nedsett funksjonsevne, nettverk for pedagogiske leiarar og styrarar og nettverk for fagarbeidarar/ assistentar. I samband med satsing på endringskompetanse, vil det vere aktuelt å arrangere studietur til andre barnehagar eller andre kommunar. Målgruppe for slik turar vil vere heile personalgruppene eller styrargruppa.

### **Medarbeidar-/utviklingssamtalar**

Sektorsjefen vil gjennomføre medarbeidar-/utviklingssamtalar med dei kommunale styrarane 1 gong kvart år, der det vert sett fokus på styrar som leiar og på dei oppgåvene som styrar er sett til å løyse. Styrar må vidare gjennomføre medarbeidar-/utviklingssamtalar med sitt personale.

### **Utviklingsmøte i barnehagane**

Det vil etter behov bli gjennomført besøk og møte med dei tilsette i barnehagane. Alle tilsette i barnehagen møter opp som til eit vanleg personalmøte. Dette møtet set fokus på kvaliteten i den enkelte barnehage.

## 2.4.4. RESSURSAR

### Økonomiske ressursar

Midlar 2009 stilt til disposisjon og fordelt til den einskilde barnehage.

11500 33xx 2010 Opplæring – kurs

Fellesmidlar 2009:

11500 3300 2010 Opplæring – kurs:

11500 3225 2112 Opplæring – kurs – tiltak funksjonshemma

Fylkeskommunale kompetansamidlar

## 2.4.5. PRIORITERTE OMRÅDE OG TILTAK 2009 - 2010

Regionalt nivå	På kommunalt/ interkommunalt nivå	På lokalt nivå/I den enkelte barnehage
Regionvise styrarsamlingar	Kommunale styrarmøte	Interne utviklingsmøte/ Personalmøte, deltaking på interne eller eksterne kurs
Regionale nettverk i tilknytning til styrarsamlingane	Kommunale nettverk for Styraryane	
Regionale kurs	Interkommunale/kommunale kurs	Interne plandagar/studiedagar
	Kommunale/ lokale nettverk for styrarar, pedagogiske leiarar, førskulelærarar, støttepedagogar/spesialpedagogar og assistentar/fagarbeidarar	Rettleiing
	Medarbeidarsamtale/ Utviklingssamtale for styrarar	Medarbeidarsamtale/ Utviklingssamtale

### Regionalt nivå:

Regionen samarbeider med Høgskulen i Volda om eit utviklingsprosjekt for alle barnehagane og alle tilsette i barnehagane. Utviklingsarbeidet vert kalla "Vi kan saman", og inneheld 4 ulike tema med fokus på vaksenrolla og barns medverknad i barnehagen: IKT, språk og språkutvikling, lærerik leik og mat og rørsle. Kvar barnehage i regionen har valt eit av desse tema som dei skal gå i djupna på. Det vert utvikla ei eiga problemstilling som vert arbeidd med som utviklingsarbeid i den einskilde barnehage, i samarbeid med HVO. Arbeidet vert organisert gjennom felles studiedagar haust og vår, kveldssamlingar og rettleiing til den einskilde barnehage.

### Kommunalt nivå:

Arbeid gjennom styrarmøta.

### **Generelle tiltak:**

Kommunen vil så langt råd, legge til rette for at tilsette har høve til å ta vidareutdanning, gjennom å legge til rette for permisjon utan eller med løn. Tilsette må søkje kommunen om tilrettelegging.

## **2.5 BARNEVERNTEBESTA**

### **2.5.1 MÅLSETJINGAR**

#### **Nasjonale målsetjingar**

§ 2-1, femte ledd etter Lov om barneverntenester seier:

*”Kommunen har ansvaret for nødvendig opplæring av barnevernstjenestens personell. Personalet er forpliktet til å delta i opplæring som blir bestemt, og som anses nødvendig for å holde deres kvalifikasjoner ved like. Kongen kan gi forskrifter om opplæring”*

I mai 2000 kom Barne- og familiedepartementet (”Befringutvalet”) med forslag til nye reformer. Under punktet Kompetanse seier dei m.a. :

*”Treårig høyskoleutdanning anses som nødvendig, men ikke som tilstrekkelig for å inneha stillinger i barnevernet. For å styrke den formelle og reelle kompetansen må grunnutdanningen påbygges med veiledning og målrettet viderutdanning. Utvalget mener at et minimumsnivå bør vere to års påbygging inkludert ett år med veiledet praksis.*

#### **Lokale målsetjingar**

Utviklingsmål for verksemdsområde barnevern:

- ◆ Eit trygt oppvekstmiljø for alle born.
- ◆ Nødvendig hjelp og omsorg til rett tid til born og unge
- ◆ Eit barnevern som er førebudd på nye utfordringar, og i stand til å meistre desse.
- ◆ Eit tverrfagleg samarbeid som sikrar ei heilskapleg forståing av born og unge sine oppvekstvilkår, og med vekt på førebygging.

Kompetanseutviklinga skal :

- medverke til at dei tilsette held seg oppdaterte innanfor sine fagfelt, og vidareutviklar kompetansen sin slik at dei kan arbeide mot dei utviklingsmåla som er sette for barnevernområdet.
- syte for at kvar medarbeidar skal bli best mogleg skikka til å utføre det arbeidet ho eller han er sett til å gjere.

### **2.5.2. PRIORITERTE OMRÅDE**

**Nasjonalt prioriterte område** (Barne- og familiedepartementet):

- Ø Eit betre oppvekstmiljø
- Ø Sikker omsorg, trygge kår og lettare kvardag for born og unge
- Ø Kvalifisering for framtida
- Ø Stimulere born og ungdom sin kreative, kulturelle og fysiske utfalding
- Ø Betre born og unge si helse og sosiale tilhøve

---

#### Lokalt prioriterte område:

---

- Hjelp til born og unge i nærmiljøet.  
Eit tverretatleg samarbeid mellom skule og barnevern som inneber nærmiljøtiltak for born på barnesteget, SNU. Miljøarbeidar/lærar, sakshandsamar i barneverntenesta er omdisponerte frå ordinært arbeid for å arbeide med det einskilde barnet. Dette krev fagleg oppdatering og eit utstrekt fagsamarbeid med andre kommunar for dei som jobbar i dette teamet.
- Eit opnare barnevern.  
Auka grad av samarbeid med andre instansar i hjelpeapparatet, både ved undersøkingar og ved oppfylgging av tiltak. Dette krev eit planmessig informasjonsarbeid, fagleg oppdatering og eit utstrekt fagsamarbeid.
- Rusførebyggjande arbeid.  
Ein vil prioritere samlingar/kurs som er relevant i høve dette feltet.
- Rettleiing.  
Dei tilsette i barnevernet har eit krevjande og ansvarsfullt arbeid. Dei avgjerdene som vert tekne får ofte store konsekvensar for mange. Det er difor viktig at dei tilsette får fast rettleiing, både på generelle område og på konkrete saker. Dette vil fungere både som kompetanseutvikling og ei sikring for dei tilsette, og som ei kvalitetssikring av det arbeidet som vert gjort. Fast rettleiing er såleis eit prioritert område for barneverntenesta. Intern rettleiing vil bli vidareført, og det vil vere behov for ekstern, individuell rettleiing i særleg vanskelege saker.

### 2.5.3. TILTAK

#### **Kompetanseutvikling for tilsette i barneverntenesta.**

- Generelt.  
Dei tilsette i barneverntenesta har alle relevant grunnutdanning.
- Formell vidareutdanning  
Ein vil innanfor vedtekne rammer, prøvd å leggje til rette for at dei tilsette skal kunne ta formell vidareutdanning innanfor sine fagområde.
- Relevante kurs.  
Det kjem heile tida kurs som kan vere aktuelle for dei tilsette i barneverntenesta. Det er ei viktig oppgåve for barnevernleiar i samarbeid med kuratorgruppa å vurdere tilboda, og prioritere kurs som er relevante i høve til dei utviklingsmåla og prioriterte område barnevernet har.

#### **Tiltak for oppdragstakarar.**

- ◆ Barneverntenesta har mange oppdragstakarar. Dette er t.d. støttekontaktar, tilsynsførarar, fosterheimar og besøks/avlastningheimar. Desse gjer eit viktig arbeid og dei har krav på råd/rettleiing. I tillegg til dette har dei behov for ei viss fagleg opplæring, og dei har eit

behov for å møte for å lære av kvarandre og utveksle erfaringar, både positive og negative. Ein vil legge til rette for slike samlingar, innanfor vedtekne rammer.

#### **2.5.4. RESSURSAR**

##### **Økonomiske ressursar**

11500.3400.2440 – Opplæring, kurs  
Psykiatrimidlar

##### **Tidsressursar**

Ein vil prioritere tid innanfor årsverka til dei tilsette til opplæring/kompetanseutvikling.

#### **2.5.5. PRIORITERTE OMRÅDE OG TILTAK 2009**

##### **Tiltak:** Relevante kurs/konferansar.

- Ein vil vurdere dei kurstilboda som kjem gjennom året, og delta på aktuelle kurs og konferansar innanfor vedtekne rammer.
- I samarbeid med Volda kommune vil det bli gjennomført aktuelle kurs, konferansar og samlingar. Dette vil også bli gjennomført i samarbeid med andre aktuelle samarbeidspartnarar.

##### **Tiltak:** Formell vidareutdanning.

- Opne for målretta viderutdanning og påbygging av grunnutdanning for å styrke formell og reell kompetanse.

##### **Tiltak:** Rettleiing.

Dette året har ein desse tiltaka :

- Intern konsultasjon på konkrete saker i felles møte. Innkalling av eksterne samarbeidspartar.
- Dei tilsette har avsett ein time kvar pr. veke med barnevernleiar, for å få kontinuitet i sakene og oversikt over arbeidet.
- Ekstern rettleiing etter behov og ved særleg vanskeleg saker. Bruk av sakkunnig.

## **2.6. ADMINISTRASJON OG LEIING**

### **2.6.1. MÅLSETJINGAR**

**Utviklingsmål for administrasjon og leiing.**

- ◆ Ei heilskapleg administrativ- og fagleg leiing av verksemda i oppvekst- og kultursektoren.
- ◆ Eit administrativt personale med fagleg kompetanse og kapasitet til å utføre oppgåvene.
- ◆ Prioritet og kapasitet til leiing og effektiv ressursutnytting på dei verksemdsområde sektoren femner om.

Kompetanseutvikling innan administrasjon og leiing skal medverke til at dei tilsette held seg oppdaterte innanfor sine fagfelt og vidareutviklar og styrkar kompetansen sin, slik at ein kan arbeide målretta mot dei utviklingsmåla som er sette for sektoren. Kompetanseutviklinga skal vidare syte for at kvar einskild medarbeidar vert best mogleg skikka til å utføre den jobben han eller ho er sett til å gjere.

## **2.6.2. UTFORDRINGAR**

### **Organisasjonsmessige utfordringar**

Moderne organisasjonar treng ein fleksibel arbeidsstokk som kan takle omstillingar. Dette må avspeglast i den kompetanseutviklinga ein legg til rette for. Både organisasjonen og medarbeidarane har behov for både formell kompetanse og erfaringslæring.

Oppvekst- og kultursektoren femner om grunnskular, vaksenopplæring, skulefritidstilbod, barnehagar, barnevern og kultur. Dei tilsette innan administrasjon og leiing har arbeidet sitt innanfor ulike felt, men mellom arbeidsområda finn vi mange tangeringspunkt. Alle arbeidsområda vil ha behov for oppdatert kompetanse og vedlikehald av kompetanse, og det er ei utfordring å sjå til at dette vert ivareteke. Ulik kompetanse gjev høve til læring på tvers av fagfelt.

## **2.6.3. PRIORITERTE OMRÅDE**

### **Leiarutdanning**

Det vil bli lagt til rette for at fast tilsette med einingsleiaransvar kan ta formell leiarutdanning. I tillegg vil det bli gitt prioritet til etterutdanning av einingsleiarar.

### **Anna relevant utdanning**

Ein vil, innanfor vedteke budsjett, leggje til rette for at tilsette innan administrasjon og leiing skal kunne gjennomføre relevant etterutdanning innanfor sine arbeidsområde og fagfelt. Det vil i tillegg bli lagt til rette for vidareutdanning innan prioriterte fagområde. Slik tilrettelegging kan t.d. omfatte naudsynte permisjonar og økonomisk støtte.

### **IKT**

IKT vert ein stadig viktigare reiskap i alt arbeid innan administrasjon og leiing. God kunnskap om dette verktøyet vil derfor vere ein føresetnad for å kunne utnytte teknologien optimalt og arbeide effektivt. Sektoren vil prioritere opplæring og kontinuerleg oppdatering av kunnskapar innanfor dette området.

## **2.6.4. TILTAK**

### Kompetanseoppbygging

Som nemnt under punkt 3 - Prioriterte område, vil ein innan budsjetterte rammer kunne gi støtte til tilsette som ynskjer å bygge opp prioritert formalkompetanse.

### Relevante kurs

Det kjem kontinuerleg innbyding til kurs som kan vere aktuelle for tilsette innan administrasjon og leiing, og det vil vere ei viktig oppgåve for sektorsjefen å vurdere behovet for etterutdanning/oppdatering, prioritere mellom kurs og velje ut slike som er mest relevante i høve til behova. Likeins er det viktig å freiste sjå til at alle tilsette i oppvekst- og kulturadministrasjonen får høve til fagleg oppdatering og fornying.

## 2.6.5. RESSURSAR

### Økonomiske ressursar

Budsjetterte kursutgifter administrasjon++                      ansvar 3000

### Tidsressursar

Ein vil prioritere tid innanfor årsverka til dei tilsette til opplæring/kompetanseutvikling.

## 2.6.6. PRIORITERTE OMRÅDE OG TILTAK 2009

**Tiltak:** Relevante kurs/ konferansar

<i>Målgruppe:</i> Tilsette innan administrasjon og leiing			
<i>Tiltak</i>	<i>Tema</i>	<i>Tid</i>	<i>Ansvar</i>
Deltaking for alle tilsette innan adm. og leiing på kurs/konferansar	Aktuelle for utvikling av adm.og leiing	v-2009 og h-2009	Sektorsjefen
Skuleleiaropplæring som del av leiarmøte	Det vil bli lagt eigen plan for tema, som ivaretek kompetanseutvikling relatert til både pedagogiske og administrative leiingsoppgåver	v-2009 og h-2009	Sektorsjefen
Skuleleiaropplæring	Reformleiing 2007	v-2009 og h-2009	sektorsjefen/ 7-stjerna
Sektorsjefen vil i samråd med rådgj. opplæring vurdere aktuelle opplæringstiltak i regi av Einskapsfylket og andre aktuelle arrangørar.			

Einskapsfylket kallar inn til konferansar/ kurssamlingar knytt til prioriterte område. Desse kursa/konferansane er rimelege, både i høve til kursavgift og reiseutgifter. Vi får kontinuerleg ei mengd med kurstilbod frå ulike hald. Vi vil berre prioritere deltaking på kurs/konferansar utanfor fylket i den grad desse tilboda fell inn under satsingsområde, og budsjettertrammene tillet det.

<b>Tiltak</b>	<b>Tema</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>
Medarb./utviklings-samtalar m/styrarane	Aktuelle tema	V-2009 og H-2009	sektorsjefen
Leggje til rette for vidareutdanning i leing av kvalitetsarbeid Innføring av ny rammeplan	Kunnskap og ferdigheiter til å leie kvalitetsarbeid	V-2009 og H-2009	Rådgjevar barnehage

Sektorsjefen tek sikte på å gjennomføre medarbeidar-/utviklingssamtalar med dei kommunale styrarane 1 gong i året, der det vert sett fokus på styrar som leiar og på dei oppgåvene som styrar er sett til å løyse. Styrar må vidare gjennomføre medarbeidar-/utviklingssamtalar med sitt personale.

### **Kompetanseutvikling for leinga av den einskilde skulen**

Ein vil gjennom skuleleiarforumet gje ei leiarskulering som dekkjer m.a. følgjande leiaroppgåver:

- Juridiske og forvaltningsmessige oppgåver
- Pedagogiske oppgåver -> Skulen som lærande organisasjon, m.a.o. Skuleutvikling
- Personaloppgåver
- Økonomiske oppgåver

Der det vert vurdert tenleg av praktiske og økonomiske grunnar, vil skulering i samarbeid med dei andre kommunane i 7-stjerna vere aktuelt.

Følgjande organisering kan vere aktuell:

- Skulering lagt til eigne kommunale skuleleiarsamlingar.
- Regionale hovudsamlingar med pedagogiske, juridiske og forvaltningsmessige tema, m.fl.
- Interkommunale nettverk i tilknytning til hovudsamlingane
- Kommunal, gjerne tverrfagleg skulering, t.d. økonomiseminar
- Nettbaserte tilbod kan og bli aktuelt.

<b>Tiltak</b>	<b>Tema</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>
Medarb./utviklings-samtalar m/reaktorane	Aktuelle tema	V-2009 og H-2009	sektorsjefen
Bruk av skuleleiar møta	Det vil bli lagt eigen plan for tema, som ivaretek kompetanseutvikling relatert til både pedagogiske og administrative leiingsoppgåver	V-2009 og H-2009	Rådgjevar opplæring i samarb. m. sektorsjefen

Sektorsjefen tek sikte på å gjennomføre medarbeidar-/utviklingssamtalar med rektorane 1 gong i året, der det vert sett fokus på rektor som leiar og på dei oppgåvene som han/ho er sett til å løyse. Rektor må vidare gjennomføre medarbeidar-/utviklingssamtalar med sitt personale.

<b><i>Tiltak</i></b>	<b><i>Tema</i></b>	<b><i>Tid</i></b>	<b><i>Ansvar</i></b>
Medarb.-/utviklings-samtalar m/einingsleiarar kultur	Aktuelle tema	H-2009	sektorsjefen
Medarb.-/utviklings-samtalar m/barnevernleiar	Aktuelle tema	V-2009	sektorsjefen
Medarb.-/utviklings-samtalar med tilsette i staben _	Aktuelle tema	V-2009 og H-2009	Sektorsjefen

Sektorsjefen tek sikte på å gjennomføre medarbeidar-/utviklingssamtalar med barnevernleiar, einingsleiarar på kulturområdet og tilsette i staben i oppvekst- og kulturadm. årleg.